

**MØTEPROTOKOLL**

**Utval:** Valstyret  
**Møtestad:** *Kommunestyresalen Myravegen*  
**Dato:** *08.04.2019*  
**Møte tok til** *12:00*  
**Møte slutta** *12:30*

Valstyret var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med på heimesida og Facebook.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenter har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 4. april 2019.

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Representerar
Kristian Fuglseth	Nestleiar/varaordfører	FOHAR
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Jeanette Teigene	Medlem	FRP
Annika Brandal	Medlem	V
Oskar Jarle Grimstad	Medlem	

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Representerar
Ranja Dimmen Alme	MEDL	FOHAR
Anders Riise	LEDER	H

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Møtte for	Representerar
------	-----------	---------------

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ragnhild Velsvik Berge	Rådmann
Kariann Bigseth	Assisterande rådmann
Erlend Friestad	Utvalssekretær/valansvarleg

Nestleiar Kristian Fuglseth leia møtet i Anders Riise sitt fråvær.  
Sakene blei handsama i denne rekkefølga:

PS 1/19  
PS 2/19  
PS 3/19  
RS 1/19  
PS 4/19  
PS 5/19  
PS 6/19  
PS 7/19



## SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/19	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 3/19	Referat og meldingar	
RS 1/19	Førehandsrøysting på hurtigbåten mellom Hareid, Valderøya og Ålesund	2018/2015
PS 4/19	Vurdering av listeforslag levert på e-post utan underskrift	2019/460
PS 5/19	Fastsetting av tid og stad for førehandsrøysting ved valet 2019	2018/2015
PS 6/19	Fastsetting av røystestadar og røystetider på valdagen 2019	2018/2015
PS 7/19	Elektronisk manntal ved kommune- og fylkestingsvalet 2019	2018/2015

Hareid, 4. april 2019

Anders Riise  
ordførar

Erlend Friestad  
utvalsekretær

**PS 1/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE****Valstyret si handsaming:****Merknad til innkalling:**

Det blei brukt feil varaliste ved innkalling. Dei to som blei kalla inn som vararepresentantar, Bernt Brandal og Wenche J.H. Jøsok, hadde ikkje rett til å stille som vara. Sidan valstyret fortsatt var vedtaksføre med fem medlemmar ([jf Kommunelova § 33](#)), blei det avgjort at møtet kunne gå som normalt.

5 voterande

**Røysting:**

Samrøystes godkjent med merknad.

**Vedtak:**

Godkjent med merknad.

**PS 2/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FØRRE MØTE**



**Valstyret si handsaming:**

**Røysting:**

Samrøystes godkjent.

**Vedtak:**

Protokoll frå førre møte godkjent.

**PS 3/19 REFERAT OG MELDINGAR**

**Valstyret si handsaming:**

**Røysting:**

Samrøystes—

**Vedtak:**

Referatsak teke til vitande.

**RS 1/19 FØREHANDSRØYSTING PÅ HURTIGBÅTEN MELLOM HAREID,  
VALDERØYA OG ÅLESUND 2018/2015**

**Valstyret si handsaming:**

**Tilråding frå rådmannen:**

Valstyret tek saka til vitande.

**Røysting:**

Samrøystes teke til vitende.

**Tilråding/innstilling/vedtak:**

Teke til vitande.

**PS 4/19 VURDERING AV LISTEFORSLAG LEVERT PÅ E-POST UTAN  
UNDERSKRIFT**

**Valstyret si handsaming:**

**Tilråding frå rådmannen:**

Valstyret vedtek at e-posten med namna frå Anne-Marie Overå ikkje kan reknast som eit listeforslag innlevert til fristen. Lista kan derfor ikkje stille til kommunevalet 2019. Forslagsstillar Overå har heller ikkje rett til å stille liste for eit parti ho ikkje er medlem i.

*Grunngjeving: Årsaka til at e-posten ikkje kan reknast som eit listeforslag er at det ikkje ligg ved skanna eller fotografert liste med signaturar. På grunn av tidspunktet e-posten blei sendt på, vil*



*det ikkje vere mogleg å få retta denne feilen innanfor fristen. I Valhandboka står det at «Dersom listeforslaget blir sendt på faks eller e-post (der signaturane på forslaget framkjem) innan [1. april kl 12], vil dette vere innanfor fristen. Men det er ei føresetnad at ei liste med originale underskrifter blir sendt i posten /levert med ein gong.»*

*I tillegg hadde ikkje forslagsstillar rett til å stille liste for MDG på innleveringstidspunktet. Eit listeforslag skal skrivast under av to styremedlemmar frå lokalavdelinga som er ansvarleg for valdistriktet. MDG har ikkje lokallag i Hareid. Forslagsstillar var ikkje medlem på innleveringstidspunktet.*

### **Røysting:**

Samrøystes for rådmannen si tilråding.

### **Vedtak:**

Valstyret vedtek at e-posten med namna frå Anne-Marie Overå ikkje kan reknast som eit listeforslag innlevert til fristen. Lista kan derfor ikkje stille til kommunevalet 2019. Forslagsstillar Overå har heller ikkje rett til å stille liste for eit parti ho ikkje er medlem i.

*Grunngjeving: Årsaka til at e-posten ikkje kan reknast som eit listeforslag er at det ikkje ligg ved skanna eller fotografert liste med signaturar. På grunn av tidspunktet e-posten blei sendt på, vil det ikkje vere mogleg å få retta denne feilen innanfor fristen. I Valhandboka står det at «Dersom listeforslaget blir sendt på faks eller e-post (der signaturane på forslaget framkjem) innan [1. april kl 12], vil dette vere innanfor fristen. Men det er ei føresetnad at ei liste med originale underskrifter blir sendt i posten /levert med ein gong.»*

*I tillegg hadde ikkje forslagsstillar rett til å stille liste for MDG på innleveringstidspunktet. Eit listeforslag skal skrivast under av to styremedlemmar frå lokalavdelinga som er ansvarleg for valdistriktet. MDG har ikkje lokallag i Hareid. Forslagsstillar var ikkje medlem på innleveringstidspunktet.*

## **PS 5/19 FASTSETTING AV TID OG STAD FOR FØREHANDSRØYSTING VED VALET 2019**

### **Valstyret si handsaming:**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Valstyret godkjenner følgande stader og tider for førehandsrøysting:

1. I tidlegrøysteperioden: 1. juli -11. august: Servicetorget på rådhuset i opningstida 0900-1500 på kvardagar
2. I førehandsrøysteperioden 12. august - 6. september: Servicetorget på rådhuset i opningstida 0900-1500 på kvardagar
3. Hadartun/Hareid sjukeheim: 28. august kl. 1000-1400
4. Ambulerande røysting skal skje i perioden 2.-6. september. Frist for å søkje om heimerøysting er onsdag 4. september.
5. I tillegg godkjenner valstyret at det blir heldt førehandsrøysting på Coop Extra 26. august kl 16-20 og EuroSpar 27. august kl 16-20.

Kunngjering av førehandsrøystinga vil skje på kommunen si nettside, Facebook-side, i lokalpressa og andre stader der det er høveleg.



**Røysting:**

Samrøystes

**Vedtak:**

Valstyret godkjenner følgende stader og tider for førehandsrøysting:

1. I tidlegrøysteperioden: 1. juli -11. august: Servicetorget på rådhuset i opningstida 0900-1500 på kvardagar
2. I førehandsrøysteperioden 12. august - 6. september: Servicetorget på rådhuset i opningstida 0900-1500 på kvardagar
3. Hadartun/Hareid sjukeheim: 28. august kl. 1000-1400
4. Ambulerande røysting skal skje i perioden 2.-6. september. Frist for å søkje om heimerøysting er onsdag 4. september.
5. I tillegg godkjenner valstyret at det blir heldt førehandsrøysting på Coop Extra 26. august kl 16-20 og EuroSpar 27. august kl 16-20.

Kunngjering av førehandsrøystinga vil skje på kommunen si nettside, Facebook-side, i lokalpressa og andre stader der det er høveleg.

**PS 6/19 FASTSETTING AV RØYSTESTADAR OG RØYSTETIDER PÅ VALDAGEN 2019**

**Valstyret si handsaming:**

**Tilråding frå rådmannen:**

Valstyret vedtek at røystestadane på valtinget for kommune- og fylkestingsvalet 9. september blir på følgende stader:

- Hareid krins: Hareid rådhus
- Hjørungavåg krins: Hjørungavåg skule
- Brandal krins: Brandal friskule
- Bigset krins: Bigset skule

Opningstider for vallokala:

- Hareid krins: klokka 10-21.
- Dei andre krinsane: kl 13-19.

**Røysting:**

Samrøystes for rådmannen si tilråding.

**Vedtak:**

Valstyret vedtek at røystestadane på valtinget for kommune- og fylkestingsvalet 9. september blir på følgende stader:

- Hareid krins: Hareid rådhus
- Hjørungavåg krins: Hjørungavåg skule
- Brandal krins: Brandal friskule
- Bigset krins: Bigset skule

Opningstider for vallokala:

- Hareid krins: klokka 10-21.



- Dei andre krinsane: kl 13-19.

## **PS 7/19 ELEKTRONISK MANN TAL VED KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET 2019**

### **Valstyret si handsaming:**

#### **Tilråding frå rådmannen**

Valstyret vedtek at Hareid kommune skal nytte elektronisk manntal til avkryssing på valdagen 9 september 2019.

#### **Røysting:**

Samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **Vedtak:**

Valstyret vedtek at Hareid kommune skal nytte elektronisk manntal til avkryssing på valdagen 9 september 2019.